

VEDTEKTER FOR SKULEGATA BARNEHAGE

§ 1 Eigartilhøve og ansvar for drift

Skulegata barnehage AS eig barnehagebygget og driv barnehagen. Trine D. Daatland er dagleg leiar og styrar av barnehagen.

§ 2 Formål

- 2.1 Barnehagen er ei pedagogisk tilrettelagt verksemd. Den skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter, Rammeplan og eigne vedtekter.
- 2.2 Saman med heimen skal barnehagen sikra barna ein god barndom.
- 2.3 Barnehagen har som mål å vera brukartilpassa og fleksibel, og skal yta ei god kvalitativ teneste.

§ 3 Opptak

- 3.0 Opptakskrins er barn som bur i Time kommune. Dersom det ikkje er søkjarar frå Time kommune, kan opptakskrinsen utvidast til kringliggjande kommunar.
- 3.1 Kunngjering av søknadsfrist skjer gjennom lokalpressa.
- 3.2 Opptaket skjer gjennom samordna opptak i kommunen.
- 3.3 Reglar for opptak:
 1. Barn med nedsett funksjonsevne skal ha prioritet ved opptak, jfr §13 i Lov om barnehagar og barn det er fatta vedtak om etter Lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4, jfr. Lov om barnehagar § 13
 2. Aksjeselskapet rår over 3 plassar som kan tildelast
 - a. Barn til nære familiemedlemmer, (barn/svigerbarn)
 - b. Barn til næraste naboar til barnehagen (med grense til barnehagen.)
 3. Barn av pedagogisk personale (for å få godkjend personale)
 4. Sysken til barn som alt har plass og som held fram i barnehagen.

Kommunen har rett på å nytta resten av plassane.

Det skal takast omsyn til gruppesamansettinga, dvs at det på avdeling for dei minste barna er ei aldersfordeling på 40/60%

- 3.4 Eventuell klage over vedtak skal avgjerast i styret.
- 3.5 Tildelt plass gjeld fram til skulealder.
- 3.6 Frist for oppseiing er 3 månader og oppseiinga skal vera skriftleg. Dersom eit nytt barn kan byrja før denne tida, vert oppseiingstida avkorta.
- 3.7 Ved oppseiing etter 1. mars må det betalast ut barnehageåret sjølv om ikkje plassen vert nytta. Det kan berre søkjast fritak frå betaling etter oppseiingsmånaden dersom barnet flytter frå kommunen
- 3.8 Barnet mister plassen ved manglande betaling utover 2 månader.

§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutval

- 4.1 Barnehagen har eit foreldreråd som består av alle foreldra/føresette til alle barna i barnehagen.
- 4.2 Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette, tilsette og eigar av barnehagen. (SU)

§ 5 Opningstid

- 5.1 Opningstida er frå 07.15 - 16.30, men kan tilpassast lokale tilhøve innafor dei rammene barnehagen er godkjend for.
- 5.2 Barnehagen er open 12 månader i året med unntak av dei 2 siste vekene i juli, fra 24. desember til 2. januar og onsdg før Skjærtorsdag. Barnehageåret startar ved skulestart i august.
- 5.3 Barnehagepersonalet har 5 planleggingsdagar i året.
- 5.4 Barnehagen skal ha melding om ferien til barna innan 1. mai når det gjeld sommarferien. Barna må ha 5 veker ferie i løpet av barnehageåret. 3 veker må takast ut i perioden 01.06 - 15.08. Planleggingsdagane kan reknast som ferie.
- 5.5 Barn som sluttar for skulestart, må ha tatt ut ferien før

01.08. Styrar kan gje dispensasjon frå kravet.

§ 6 Betaling

6.1 Barnehagen følger departementet sin maksimalsats for heil plass. For 3 og 4 dagar vert satsane som kommunen sine satsar for dei med høgast inntekt. Det vert betalt for 11 månader i året. Matpengar kjem i tillegg.

§ 7 Leike og opphaldsareal pr. barn

7.1 Hovudregel for arealutnytting pr. barn over 3 år: 4 m².
For barn under 3 år og for funksjonshemma: 5,3 m².

§ 8 Internkontroll

Barnehagen er omfatta av forskrift for internkontroll, og har dokumentasjon for dette.

§ 9 Forsikring

Barnehagen har ulykkesforsikring på barna, teikna gjennom PBL /If.

§ 10 Barnas mat og helse

10.1 Barna får all mat, mjølk og frukt og grønnsaker i barnehagen, fordelt på 3 måltider om dagen.
10.2 Før barnet begynner i barnehagen skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse.
10.3 Forskrift for miljøretta helsevern gjeld for barnehagen. Kommunelegen har delegert fullmakt til godkjenning og tilsyn.

§ 11 Teieplikt

For tilsette i barnehagen gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 - 13 f.

§ 12 Endring av vedtektene

Endring av vedtekter skal gjerast av styret i Skulegata barnehage AS.

VEDTEKTER



Skulegata barnehage AS

Godkjent i generalforsamling 10.05.2008

Sist endra i Generalforsamling 06.05.2017

